



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 01.12.2020

Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 11.02.2021

Møtetid: Kl. 18.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Marit Tonning, Lars Petter Amundrud, Andreas Ester, Toril Lange

Forfall:

Veronica Vågen, Trond Gandrud,

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kantor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste og møtebok frå 13.01.21

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Sak 01.2021 i møtebok vart soknerådets møteplan for 1.halvår vedteke. Soknerådet vedtok å avholde eit strategimøte den 10.03.21. Dette kolliderer med gudstjeneste i Høyanger kyrkje. Soknerådet flytta møtet til 03.03.21. Møteboka vart godkjent med denne korrigeringa.

- 06/21 Soknepresten snakka litt rundt søndagens tekst.
- 07/21 Postgjennomgang. Det var nokre nyhetsbrev frå organisasjonar som ber om offergåver frå soknerådet. Desse vart lagt til side og vert tatt til etterretning ved offertildeling i 2. halvdel av 2021
- 08/21 Toril Lange orienterte om arbeidet som kyrkjelydspedagog. Stillinga hennar er 50% i Høyanger, og 25% i Hyllestad. Ho hadde tidlegare også ei stilling ved Alværa misjonscenter. Trosopplæringa inneber at soknet skal ha eit tilbod om trosopplæring til alle døypte frå 0 til 18 år. Toril fortel at geografien er ei utfordring og ho er avhengig av hjelp frå frivillige. Dette er ikkje alltid enkelt å få til. Kirketenar /klokker Heike Müller stiller opp i trosopplæringa når dette ikkje kolliderer med andre oppgåver i kyrkja. Toril går av med pensjon i slutten av året. Det må lagast ein ny trusopplæringsplan før ho slutter. Arbeidet hennar inneber mykje helgearbeid.
- 09/21 Det er laga ein ny gudstenesteforordning for Sunnfjord prosti. I følge denne får Høyanger ein auke i tal på gudstenester. Frå 23 til 24. Soknerådet har ikkje merknad til dette.

Vedtaksaker:

Sak 2/21 **Soknerådet bør dele på oppgåva med referatskriving frå sokneråda sine møter**

Vedtak:

Høyanger sokneråd har fem møter i 1. halvår og Marit skreiv referat frå møte den 13.01.21. Vidar var referent den 11.02. Veronica Vågen 03.03.21, Lars den 07.04.21 og Trond den 02.06.21. Ved forfall går oppgaven til den neste på lista , så tar vedkommende referat ved neste møte.

Sak 3/21: **Framtidig kyrkjeleg organisering.**

Fire arbeidsgrupper i Prosjekt kyrkjeleg organisering har levert sine rapporter. Rapportene dreier seg om arbeidsgjevarorganisering og den øvrige kyrkjeordning. Det er på bakgrunn av disse rapportane at soknerådet skal gje ei uttale. Vi synest det er vanskeleg å meine noko om dette på bakgrunn av det materialet vi har motteke. Vi er redd eit nytt prosti-råd kan føre til ei sentralisering, og at det kan trekkje resursar vekk frå det lokale kyrkjelege arbeidet. Samarbeidet mellom Høyanger kyrkjelege fellesråd og Høyanger kommune har vore godt. Vi er usikker på korleis dette vert med eit prosti-råd. Sidan saka er så kompleks og omfattande, så fann rådet ut at vi ikkje kom i mål med ei uttale innan tidsramma som var satt til møtet. Konklusjonen vart slik det kjem fram i vedtaket.

Vedtak:

Soknerådsleiar skriv ei foreløpig uttale som sendes til medlemene i rådet. Den enkelte skriv si uttale og returnerer til leiar som lager ei endeleg uttale på grunnlag av dei innkomne skriva.

Referent: Vidar My+ren